

Vg1 informasjonsteknologi og medieproduksjon

Om faget

Fagrelevans

Informasjonsteknologi og medieproduksjon inngår i alle delar av eit moderne samfunn, der teknologi stadig gir nye måtar å kommunisere og samhandle på. Gjennom faget utviklar elevane forståing for og praktiske ferdigheiter når det gjeld korleis ein i kommunikasjon nyttar teknologi for å påverke mottakaren. Kompetanse som kombinerer teknologi, kommunikasjon og design, er viktig for å dekkje behova i eit samfunn i hurtig utvikling. Kunnskap om nye kommunikasjonsvegar opnar for innovasjon og kreativitet. Faget bidreg til å gjere elevane omstillingsdyktige i eit samfunn som stiller krav til kompetanse i etikk og lovgiving og til det å vere kritiske brukarar av teknologi og informasjon. Faget gir praktiske og teoretiske ferdigheiter som er i tråd med behova i arbeidslivet.

Kjerneelement

Etikk, lovverk og yrkesutøving

Kjerneelementet etikk, lovverk og yrkesutøving skal gi elevane grunnlag for å gjere reflekterte val rundt etiske spørsmål og lovbaserte rammer ved å bruke teknologi og formidle innhald. Elevane må forstå kva konsekvensar teknologien har for samfunnet, miljøet og individet. Elevane må vere sjølvstendige, ha god samarbeidsevne, kunne byggje relasjonar og ha forståing for god yrkesutøving.

Teknologi og produksjon

Kjerneelementet teknologi og produksjon skal gi elevane ei forståing av korleis teknologien er oppbygd, kva verkemåtar han har, og kva moglegheiter han gir. Yrkesretta aktivitet og praktiske ferdigheiter er grunnleggjande. Det omfattar val, bruk og utvikling av teknologi og metode.

Kommunikasjon

Kommunikasjon er det å skape mening, forstå og bli forstått. Elevane skal få forståing for relasjonar og mellommenneskeleg kommunikasjon. Det blir lagt vekt på historieforteljing som engasjerer og påverkar mottakaren. Dette kjerneelementet gir praktiske ferdigheiter i kommunikasjon, tilpassa oppdrag, målgruppe, kanal og teknologi.

Design og kreativitet

Kjerneelementet design og kreativitet handlar om nysgjerrigheit, skaparglede og uthald. Elevane skal få forståing for prosess, funksjon, form og farge og lære å bli kreative medarbeidarar som kan designe gode tekniske løysingar. Elevane skal få kunnskapar og ferdigheiter, slik at dei kan lage gode brukaropplevingar, infrastruktur og teknisk arkitektur. Kreativitet handlar om å løyse problem i møte med kjende og ukjende utfordringar.

Verdiar og prinsipp

Faget gir kunnskap og ferdigheiter innanfor teknologi, informasjonstryggleik, kommunikasjon, etikk og lovverk – område som har stor verdi for samfunnet og for individet. Informasjons- og medieteknologi påverkar alle delar av samfunnet og opnar for vekst og berekraftig utvikling. Teknologi er ein viktig

faktor i samspelet mellom individ og samfunnsutvikling sidan det opnar for nye kommunikasjons- og samhandlingsmåtar. Faget er ein arena for skaparglede, engasjement, kritisk tenking og kreativitet. Når elevane arbeider i kreative prosessar, både individuelt og saman med andre, får dei kompetanse i møte med det kjende og ukjende. Det gir dei òg høve til å utvikle idear og løysingar gjennom refleksjon og utforsking. Faget gir grunnlag for å orientere seg kritisk og konstruktivt i eit samfunn med rask teknologi- og medieutvikling, noko som er avgjerande når ein som produsent, forbrukar og medborgar skal ta bevisste val.

Tverrfaglege tema

Folkehelse og livsmeistring

Folkehelse og livsmeistring blir styrkt gjennom skapande arbeid. Faget utviklar elevane si evne til problemløysing, kreativitet, tekniske ferdigheiter og strukturerte arbeidsrutinar, og det gjer dei meir uthaldande i møte med utfordringar i kvardagen. Gjennom programmering lærer dei struktur og analytisk tenking, og dei lærer å dele store utfordringar opp i mindre oppgåver. Ved bevisstgjøring og tilpassing omkring universell utforming sikrar ein deltaking og inkludering. Kunnskap om helse, miljø og sikkerheit førebyggjer belastingsskadar og legg grunnlag for god arbeidshelse.

Berekraftig utvikling

Elevane blir utfordra til å reflektere kritisk over det eksisterande og utforske nye retningar og moglegheiter. Slik lærer dei om berekraftig utvikling. Erfaring med problemløysing gir elevane grunnlag for nyskaping og effektivisering av ressursar og arbeidsprosessar. Når elevane har eit bevisst forhold til korleis teknologi påverkar oss gjennom heile livssyklusen, og forstår kor viktig det er med energieffektive løysingar og god avfallshandtering, kan dei bidra til eit berekraftig miljø.

Demokrati og medborgarskap

Demokrati og medborgarskap fordrar kunnskap om makta media har til å påverke kva vi meiner, korleis vi oppfatar andre, og korleis andre oppfatar oss. Tekst, lyd og bilete gir elevane verktøy til å gi uttrykk for meiningar, idear og kjensler i dialog med andre. Forståing av utvikling og forvaltning av teknologi gir innsikt i kvifor teknologi er viktig i eit demokrati. Gode etiske haldningar og forståing av tryggleik bidreg til å forsterke opne og demokratiske prosessar og verne samfunnet mot kriminalitet og misbruk av teknologi.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i informasjonsteknologi og medieproduksjon handlar om å gi uttrykk for meiningar, idear og kjensler i dialog med andre. Det inneber òg å kunne bruke relevant fagterminologi i møte med fagmiljø og når ein presenterer eige og andre sitt arbeid.

Å kunne lese

Å kunne lese i informasjonsteknologi og medieproduksjon inneber å lese og forstå spesifikasjonar, kode, oppdragsbeskrivingar og rettleiingar for å utføre arbeid. Vidare inneber det å vurdere kommunikasjonen og måten verkemiddel og forteljarteknikkar blir brukte på.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i informasjonsteknologi og medieproduksjon inneber å produsere og kommunisere gjennom ulike sjangrar, inkludert kode. Vidare inneber det å dokumentere, presentere og vurdere egne og andre sine produkt ved hjelp av relevant fagterminologi.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i informasjonsteknologi og medieproduksjon inneber å berekne kostnader og prisar ved produksjon. Ein må òg forstå ulike verdiar, storleikar og tekniske avgrensingar i systema ein jobbar med.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i informasjonsteknologi og medieproduksjon inneber å utforske, kommunisere, produsere og publisere produkt ved hjelp av digitale verktøy. Vidare inneber det å kunne bruke verktøy til å søkje etter og utveksle informasjon. Det dreier seg òg om å bruke ulike kjelder, vise evne til etisk refleksjon og halde seg oppdatert på ny teknologi.